ULSTEIN KOMMUNE

# Budsjett og økonomiplan 2019–2022




ULSTEIN ER I VEKST, MED NYE UTFORDRINGAR OG POSITIVE ENDRINGAR FOR INNBYGGARAR OG REGIONALT NÆRINGSLIV. ULSTEINSAMFUNNET SI FORANKRING LIGG I VÅR KULTURELLE TRADISJON OG IDENTITET, TUFTA PÅ KJERNEVERDIANE MANGFALD, RAUSHEIT, OMSORG OG NYSKAPING.

**ULSTEIN** - *der baug bryt båre*



> Ulstein – ein god stad for menneske i alle livsfasar

## VERDIGRUNNLAG

nyskaping

omsorg

rausheit

mangfald



## STYRINGSMÅL

nøgde brukarar

motiverte og kvalifiserte medarbeidarar

godt omdøme

god ressursstyring



**Ulsteinsamfunnet støttar og motiverer innbyggarar, organisasjonar og næringsliv som viser visjonar, vilje og pågangsmot til beste for eiga utvikling, medmenneske og samfunn.**



## VÅRE TILSETTE

arbeider etter verdigrunnlaget

set brukaren i fokus

representerer jobben og kommunen og gjer jobben sin på ein profesjonell måte

følgjer lojalt opp vedtak og styringssignal



## VÅRE LEIARAR

er utviklingsorienterte

kommuniserer godt

har endringsvilje

er lojale

har evne og vilje til leiing

| | |
|---|---|
| **ULSTEIN – MEIR ENN EI ØY** | **SIDE 4** |
| **ETATSVISE OVERSIKTER** | **SIDE 8** |
| Sentraladministrasjonen | Side 9 |
| Helse- og omsorgsetaten | Side 12 |
| Oppvekst- og kulturetaten | Side 15 |
| Teknisk etat | Side 18 |
| **ØKONOMISKE OVERSIKTER** | **SIDE 21** |
| Skjema 1A – Driftsbudsjettet | Side 22 |
| Skjema 1B – Driftsbudsjettet fordelt på etatar | Side 23 |
| Rammetilskot | Side 24 |
| Berekning av utgiftsbehov | Side 25 |
| Skjema 2A | Side 28 |
| Skjema 2B | Side 29 |
| **AVDELINGSVISE OVERSIKTER** | **SIDE 31** |
| Organisasjonskart Ulstein kommune | Side 32 |
| Økonomiavdelinga | Side 33 |
| Personalavdelinga | Side 33 |
| Servicetorg og dokumentsenter | Side 34 |
| Demokrati og kommunikasjon | Side 34 |
| Helse og omsorg – Sone 1 | Side 35 |
| Helse og omsorg – Sone 2 | Side 35 |
| Helse og omsorg – Sone 3 | Side 36 |
| Helse og omsorg– Sone 4 | Side 36 |
| Helsestasjonstenesta | Side 38 |
| Legetenesta | Side 38 |
| Nav | Side 39 |
| Haddal skule | Side 39 |
| Hasund skule | Side 40 |
| Ulstein skule | Side 40 |
| Ulsteinvik barneskule | Side 41 |
| Ulstein ungdomsskule | Side 41 |
| Sundgotmarka barnehage | Side 42 |
| Pedagogisk- psykologisk teneste | Side 42 |
| Ulstein kulturskule | Side 43 |
| Inkludering og mangfald | Side 43 |
| Kulturavdelinga | Side 44 |
| Plan- og bygningsavdelinga | Side 44 |
| Anleggs- og driftsavdelinga | Side 45 |
| Hareid og Ulstein brannvesen | Side 45 |
| **STATISTIKKAR** | **SIDE 46** |
| Folketalstatistikk | Side 47 |
| Fødde og fødselsoverskot, 2016 og 2017 | Side 48 |
| Folketalsutviklinga i Møre og Romsdal 2008–2018 | Side 49 |
| Tal inn- og utpendlarar, 2017 | Side 50 |
| Personer 16 år og over etter utdanningsnivå i prosent 2017 | Side 51 |
| Igangsette og fullførte bustadar | Side 52 |
| Tal føretak nyetableringar | Side 53 |
| Tal på spelemiddelsøknader | Side 54 |
| Spelemidlar til friluftsanlegg | Side 55 |
| Økonomiske indikatorar for kommunane i Møre og Romsdal | Side 56 |
| Netto driftsutgifter | Side 57 |


*Framside- og baksidefoto: Svein Arne Orvik*



# Ulstein – meir enn ei øy

*Første del av årets økonomiplan knyter kommuneplanen tettare saman med våre kjerneverdiar. Desse er så konkretisert i tiltak på sektorniva. I tillegg har vi prioritert dei av FN sine bærekraftmål der vi har størst mulegheit til å påverke.*

Korleis trekker vi til oss arbeidskrafta som skal bygge framtida? Korleis skal vi jobbe smartare? Korleis gjer vi vår del av jobben med å sikre verda ei berekraftig framtid i det heile? Utfordringane for Ulstein kommune, for nabokommunane og for næringslivet vårt er grunnleggande sett dei same.

## DER BAUG BRYT BÅRE

Visjonen og slagordet for kommunen er frå 2009 og det er tid for ein visjonsprosess det komande året, etter ti år. Men dei fire kjerneverdiane nyskaping, omsorg, rausheit, mangfald ligg meir fast, og gir retning for måla våre for framtida. Dei viser oss kva slags stad vi vil skape – og kva som skal prege vårt arbeid, lokalt – og korleis vi tek globalt ansvar lokalt.

- N – Den smarte staden
- O – Den varme staden
- R – Den romslege staden
- M – Den opne staden

Vi erfarer at nokre av kommunens kjerneverdiar er like og overlappar kvarandre. Det er behov for ein prosess på dette saman med kommunens visjon og slagord.

## DEN SMARTE STADEN (NYSKAPING)

- der vi lærer nytt og gjer nytt
- der vi saman skapar ei berekraftig framtid
- der vi vernar om livsgrunnlaget

Kommuneplanens kap. 10.1: Ulsteinsamfunnet og kommunen skal vere mellom dei fremste i landet på nyskaping gjennom digitalisering og bruk av ny teknologi. Vi skal vere ein spydspiss i bruk av ny teknologi innanfor opplæring, kompetanseheving og produksjon […] og bidra til effektivisering i arbeidslivet gjennom fornying, forenkling og forbetring. Vi skal framover særleg satse på å

- vere nyskapingsaktør i skjeringspunktet mellom kommunen og næringslivet
- identifisere og satse på heilskaplege og framtidsretta digitale løysingar i tenesteproduksjon og undervisning
- løfte velferdsteknologi til å omfatte krevjande omsorgsoppgåver
- vidareutvikle teknologiskulen til at elevar i Ulstein får landsleiande kompetanse og vert skaparar av ny teknologi
- få til samskaping og samproduksjon med innbyggarane

## DEN VARME STADEN (OMSORG)

- der vi tek vare på alle
- der alle har ein plass å møte andre
- der alle får bidra

Kommuneplanens kap. 6, 7 og 8: I Ulstein skal vi saman utvikle eit attraktivt, inkluderande og mangfaldig samfunn der identitet, trivsel, samhald og verdiskaping står sterkt. Alle, uansett alder, skal ha høve til å få oppleve dette gjennom tilhøyre, sosial støtte og sosialt nettverk. Barn og unge skal ha eit sunt og inkluderande oppvekstmiljø som gir dei høve til å oppleve meistring og utvikle sine evner og interesser. Vi skal framover særleg satse på å:

- legge folkehelseperspektivet og universell utforming til grunn i all planlegging og ved gjennomføring av tiltak
- legge til rette for eit variert og kvalitativt kulturtilbod som gir innbyggarane moglegheit for deltaking og oppleving gjennom heile livsløpet
- ha eit særleg fokus på barn i førskulealder og skulealder og deira familiar med sikte på tidleg oppdaging av vanskar
- ha ei aktiv rolle i arbeidet med å tilrettelegge bustader for grupper som ikkje åleine vil makte å skaffe seg ein eigna bustad
- legge til rette for at eldre, sjuke og funksjonshemma får høve til å bu lengst mogleg i eigen heim, eller i ein tilpassa bustad




**VELFERDSTEKNOLOGI**

*Ei interaktiv kommunikasjontavle i heimen gir ein meir oversiktleg og føreseieleg kvardag. Tavla har digital kalender med påminningsfunksjon med meir. Målet er meistring, fridom og betre livskvalitet for den enkelte. Aase Strømberg i helse- og omsorgsetaten demonstrerer.*

*Foto: Svein Arne Orvik*

### DEN ROMSLEGE STADEN (RAUSHEIT)

- der vi har kultur for utprøving
- der det er lov å feile
- der vi tenker nye tankar

Kommuneplanens kap. 3 og 10: Innbyggarane skal ha tilgang på og tileigne seg ny kunnskap gjennom framtidsretta opplæring, utdanning og yrkeskompetanse som er tilpassa skiftande behov. Dette kan opne for knoppskyting og nyetablering i framveksande næringar og effektivisering i arbeidslivet gjennom fornying, forenkling og forbetring. Vi skal utvikle nye løysingar og ta ut gevinst frå desse.

Vi skal framover særleg satse på å:

- skape opne møtestader for teknologiutvikling på tvers av yrkesgrupper og alder
- designe og utvikle LæringsArena Ulstein som ein digital kunnskapsressurs, ein kulturinstitusjon og ein læringsarena som spreier og deler kunnskap
- utarbeide og forankre ein heilskapleg innovasjonsstrategi
- få til samskaping og samproduksjon med innbyggarane

### DEN OPNE STADEN (MANGFALD)

- der alle er velkomne og folk flyttar til
- der det er ein styrke at vi er forskjellige
- der vi heiar på naboane våre

Kommuneplanens kap 3.2, 6.2, 8.1 og 11: Ulstein skal vere ein trygg kommune å bu i og ein attraktiv vert for næring og etablering. Ulsteinvik skal vere eit sterkt regionalt senter på Søre Sunnmøre, med attraktive buområde og møtestader i ein kompakt og tenleg bykjerne, der handel, kultur, næring og busetnad veks saman. Kultur og idrett er viktige satsingsområde for integrerings- og inkluderingsarbeid for alle grupper i kommunen.

Vi skal framover særleg satse på å:

- skape opne møtestader for teknologiutvikling på tvers av yrkesgrupper og alder
- drive framtidsretta inkludering gjennom kompetansebygging og sosial integrering
- ha kultur og idrett som satsingsområde for integrerings- og inkluderingsarbeid for alle grupper i kommunen
- aktivt arbeide for å engasjere innbyggarar, spesielt ungdom, kvinner og innbyggarar frå andre land, i saker og planprosessar
- skape møteplassar der folk ønskjer å vere og oppleve

### ØKONOMISTYRING (BEREKRAFT)

- følgje handlingsreglane til kommunen
- bygge kapital som tek høgde for svingingar, og som eigenkapital ved nyinvesteringar
- vurdere handlingsreglar for meir- og mindreforbruk

Økonomistyring er i seg sjølv ikkje ein kjerneverdi, men vesentleg for kommunens måloppnåing

## *FN sine verdsmål – det store i det små*

Slik den gjeldande kommuneplanen for Ulstein slår fast, vert kommunen både påverka av og påverkar omverda – så vel nasjonalt som globalt. Døma er mange: Bedriftene våre har heile verda som marknad. Global oppvarming og plastforureining trugar havet som omgir oss. Vi vert jamt ein meir fleirkulturell kommune – også på grunn av krig og konflikt hundretals mil unna.

Det vert såleis stadig meir relevant for oss å arbeide ut frå ei global forståing. FNs verdsmål for berekraftig utvikling, også kalla Agenda 2030, legg til rette for nettopp det. Dei sytten verdsmåla vart vedtekne av generalforsamlinga i FN i 2015 og kombinerer dei tre dimensjonane i berekraftig utvikling: miljømessig, økonomisk og sosial berekraft. Alle land er forplikta til å følgje opp måla på nasjonalt nivå. Regionane og kommunene vel sjølve om dei vil gjere det same.

*Regionar, kommunar og byar spelar [...] ei sentral rolle på den globale dagsordenen, då mange av dei avgjerande og langsiktige avgjerdene om berekraftig utvikling skjer lokalt. For eksempel tek kommunane avgjerder om utdanning, integrering, byplanlegging, transportsystem, avfallshandtering og energibruk. Kommunane kan også fremje sosial integrering, skape fellesskap og sikre produktive miljø for verksemder og investeringar, som til gjengjeld kan skape arbeidsplassar og opne opp moglegheiter til innovasjon.*

(Sitat frå «Fra globale mål til lokal handling» – Deloitte 2018)

Berekraftmåla gir ikkje berre høve til å sjå på arbeidet i kommunen i eit nytt perspektiv. Måla kan også nyttast som ein drivar for nyskaping, samarbeid og partnerskap i lokalsamfunnet.

For vår del peikar nokre av måla seg ut som meir aktuelle å konsentrere seg om enn andre. God helse, god utdanning, berekraftige byar og samfunn og innovasjon og infrastruktur er fire område Ulstein både har høve til å påverke og føresetnader for å prioritere spesielt høgt. Det er ikkje dermed sagt at dei andre måla er uviktige, jamfør figuren. Men for å få mest mogleg ut av innsatsen, er det naudsynt å prioritere. Tre av dei sytten måla (utrydde svolt, utrydde fattigdom, reint vatn og gode sanitærforhold) kan i eit globalt perspektiv reknast som mindre relevante i Ulstein, og er derfor utelatne i figuren på neste side.




## GOD HELSE

Levekårsplanen 2013-2020 trekker fram fleire lokale målsetnader for å bygge god helse og gode levekår. For å trygge dette skal vi legge til rette for:

- fysisk aktivitet og møtestader
- høg sysselsetting
- førebyggande tiltak for eldre
- utjamning av sosiale skilnader
- universell utforming

## GOD UTDANNING

Både kommuneplan, levekårsplan, kvalitetsplan for grunnskulen, barnehageplan og skulebehovsplan har klare ambisjonar og føringar for læring, danning og utdanning. Vi skal særleg å fokus på:

- grunnleggande kompetanse: Å lese, å skrive, å rekne, å kunne uttrykke seg munnleg og utvikle digital kompetanse
- å kunne lære, sjølvregulert læring
- å kunne kommunisere, samhandle og delta
- å kunne utforske og skape
- utvikle helsefremjande skular og barnehagar

## BEREKRAFTIGE BYAR OG SAMFUNN

Både kommuneplanens samfunnsdel og arealdel legg klare føringar for utvikling og fysisk utforming av vårt lokalsamfunn, som harmoniserer godt med FN sine berekraftmål. Vi skal særleg jobbe for å:

- redusere energibruken og nytte fornybare energikjelder
- nytte ny teknologi og prøve ut smartbykonsept som gir meirverdi
- fortette og urbanisere, også for å førebygge unødig bilbruk
- jobbe for eit samanhengande og brukartilpassa kollektivtilbod
- planlegge for vidare folketalsvekst gjennom offensiv arealpolitikk

## INNOVASJON OG INFRASTRUKTUR

Stikkord som digitalisering, smarte lokalsamfunn, helseteknologi, fortetting og innbyggardialog har element av innovasjon, og har etterkvart fått innhald både i planverk, tenesteutvikling og samfunnsbygging. Våre satsingar samsvarer i stor grad med FN sine mål, og vi skal særleg ha fokus på å:

- fremje samarbeid mellom offentleg sektor, privat næringsliv og frivillig sektor med sikte på nyskaping og utvikling av lokalsamfunnet
- løfte velferdsteknologi til å omfatte krevjande omsorgsoppgåver og vidareutvikle teknologiskulen til at elevar i Ulstein får landsleiande kompetanse og vert skaparar av ny teknologi
- aktiv dialog med næringslivet, og vere ein konstruktiv og kompetent samarbeidspartnar i høve næringsutvikling
- vidareutvikle samarbeidet mellom arbeidsliv, skule og høgskule/akademia
- legge til rette for gründerverksemder og innovasjon innanfor
  - havromet og bioøkonomi
  - kreative næringar og digitalisering
  - helse- og velferdsteknologi
  - smartbykonsept

Kommunens overordna planverk og FN sine bærekraftmål bør henge saman. Framover bør også vår visjon, slagordet og kjerneverdiane setjast i same kontekst. Denne innleiinga er eit steg på vegen.

**EINAR VIK ARSET** - rådmann

# *Etatsvise oversikter*

Sentraladministrasjon

Helse og omsorg

Oppvekst og kultur

Teknisk



RÅDMANN EINAR VIK ARSET



ASS. RÅDMANN VERNER LARSEN

# *Sentraladministrasjonen*

Sentraladministrasjonen består av rådmannskontoret og rådmannen sine stabsfunksjonar som økonomi, personal, dokumentsenter og servicetorg. Eininga utfører støttefunksjonar for kommunalsjefar og leiarar i kommunen og har kontrollfunksjonar opp mot rutinar og regelverk sentralt og lokalt. Overordna ansvar for strategiutvikling, kommunalt planarbeid og tettstadsutvikling er og lagt til eininga.

Elles vert kommunikasjonsarbeid, tilrettelegging for lokaldemokratiske prosessar og beredskapskoordinering ivareteke av avdelinga for demokrati og kommunikasjon.

# *Slik jobbar sentraladministrasjonen for å skape …*

| | MÅL | TILTAK | INDIKATOR |
|---|---|---|---|
| … DEN SMARTE STADEN (N) | Gjere det enkelt for innbyggarane å få løyse oppgåver, hente informasjon og kome med idear | Ein nettstad som gjer innbyggarane sjølvhjelpte<br>Full digital søkeprosess<br>Rekruttering / tiltalande / attraktiv marknadsføring<br>Klar tale<br>Meiropen / meiroffentleg kommune | Talet på søkarar som finn oss i nye kanalar<br>Innkomne idear i Idéverftet |
| | Samfunnsutvikling | Ideverftet – digital idepostkasse<br>Vi er utviklingsorienterte og nysgjerrige | Starte opp minimum tre nye utviklingsprosjekt<br>Etablere forprosjekt på autonome bussar |
| | Sikre god tilgang på godt kvalifiserte søkarar og godt kvalifiserte tilsette. | Ta i bruk andre kanalar for marknads-føring / utlysing | Ingen 2. gongs utlysingar på stillingar |
| … DEN VARME STADEN (O) | Innbyggarane medverkar i avgjerdsprosessane | Etablere innbyggarpanel<br>Aktivt utvikle arenaer for innbyggardialog | Etablere og gjere minimum ei spørjing i innbyggar-panel |
| | Gi innbyggarane gode møte med kommunen | 100 % velkommen | Etablere system for oppfølging av spørsmål til service-torg og sentralbord |
| | Stabile, kvalifiserte og mo-tiverte tilsette som yter gode tenester | Leiarutvikling, verdiar og service på dagsorden<br>Heiltidskultur | 10-faktoranalyse – over landsgjennomsnittet på alle område<br>Minimum landsnivå i tal på heile stillingar og gjen-nomsnittleg stillingsprosent |
| | Sunne og aktive innbyggarar | Legge til rette for at innbyggarane kan ta sunne val og ansvar for eiga helse | Folkehelseindikator<br>Ungdataundersøking |
| … DEN ROMSLEGE STADEN (R) | Teknologi, nye arbeidsmåtar og nye samarbeidsstrukturar skaper gull av gråstein | Lage strategi for innovasjon<br>Klar tale<br>Legge til rette for deltaking og innsyn i drift og politisk styring | Talet på besøk på «På saklista» |
| | Vi er opne, gjennomsiktige og deler raust<br>Vidareutvikle delingskulturen | Samarbeid på tvers av kommunegrenser | Tal på nye samarbeidstiltak |
| | Vi samskapar mellom folkevalde, administrasjon, næringsliv, frivillige og innbyggarar | Elæring og deling av kunnskap og kom-petanse<br>Vidareutvikle bruken av ide- og prosjekt-verktøyet Induct<br>Lage min 2 eigne opplæringskurs i elæring<br>10 nye Induct prosjekt | Oppstart i 2019 |
| … DEN OPNE STADEN (M) | Etablere den attraktive staden med urbane kvalitetar og tiltrekningskraft | Identifiser og rive ned tersklar / hinder<br>Legge inn mangfald som eit kriterium ved intervju – kalle inn ekstra. | |
| | Vi skal løfte regionen saman med våre naboar. | Rekruttere mangfald<br>Omdømmebygging | Initiativ som er tatt saman med / overfor nabokommunar |
| ØKONOMI-STYRING | Avvik mot budsjett = 0<br>Arbeidsnærvær over 98 % | | |

# *Økonomiske rammer*

| DRIFTSBUDSJETT | | | | | | FOLKEVALDE |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Rekneskap 2017 | Budsjett År 2018 | Budsjett År 2019 | Budsjett År 2020 | Budsjett År 2021 | Budsjett År 2022 |
| Sum utgifter | 4 352 510 | 3 872 558 | 4 180 626 | 3 985 626 | 4 185 626 | 3 985 626 |
| Sum inntekter | -260 866 | -176 625 | -134 285 | -134 285 | -134 285 | -134 285 |
| **FOLKEVALDE** | **4 091 644** | **3 695 933** | **4 046 341** | **3 851 341** | **4 051 341** | **3 851 341** |

| DRIFTSBUDSJETT | | | | | | SENTRALADM., KYRKJE M.M. |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Rekneskap 2017 | Budsjett År 2018 | Budsjett År 2019 | Budsjett År 2020 | Budsjett År 2021 | Budsjett År 2022 |
| Sum utgifter | 39 217 475 | 41 723 360 | 43 027 557 | 37 421 057 | 37 022 057 | 37 022 057 |
| Sum inntekter | -6 908 854 | -3 712 359 | -5 400 480 | -4 730 480 | -4 730 480 | -4 730 480 |
| **SENTRALADM., KYRKJE M.M.** | **32 308 621** | **38 011 001** | **37 627 077** | **32 690 577** | **32 291 577** | **32 291 577** |

| AKTIVERTE TILTAK | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| Valgjennomføring 2019 og 2021 | -55 000 | - | 200 000 | - |
| Auka tilskot Vest kontroll | 68 000 | 68 000 | 68 000 | 68 000 |
| Justert tilskot til landbrukskontoret | 200 000 | 200 000 | 200 000 | 200 000 |
| Antatt lønnsvekst soknet | 50 000 | 50 000 | 50 000 | 50 000 |
| Ulstein sokn, ny rammeavtale | 419 149 | 419 149 | 419 149 | 419 149 |
| Driftsstøtte utviklingsforum for Ålesund Lufthamn | 43 000 | 43 000 | 43 000 | 43 000 |
| Tilskot Ulstein Næringsforum | 1 000 000 | 1 000 000 | 750 000 | 750 000 |
| Kompetansemidlar | 400 000 | 700 000 | 700 000 | 700 000 |
| Makerspace pilot for Ulstein bibliotek | 200 000 | - | - | - |
| Netto auka overføring til drift av SSIKT i 2019 | 621 012 | 621 012 | 621 012 | 621 012 |
| Rekruttering av ny rådmann | 250 000 | - | - | - |
| Full effekt av innsparingar først i 2020 | 5 000 000 | - | - | - |
| Fjerne indeksregulering husleige UEKF | -1 200 000 | -1 200 000 | -1 200 000 | -1 200 000 |
| Redusert kostnad pensjon | -3 500 000 | -3 500 000 | -3 500 000 | -3 500 000 |
| Reversere auka avsetnad til tilleggsløyvingskontoen | -1 100 000 | -1 100 000 | -1 100 000 | -1 100 000 |
| **SUM SENTRALADMINISTRASJONEN:** | **2 396 161** | **-2 698 839** | **-2 748 839** | **-2 948 839** |



KOMMUNALSJEF MARIT BOTNEN

# *Helse- og omsorgsetaten*

Helse og omsorg omfattar legetenesta, helsestasjon, Nav Ulstein, heimetenester, institusjon og dagsenter. Ansvar og oppgåver vert meir og meir overført til kommunane  og vi har no overordna ansvar for førebygging og behandling av alle helseproblem hos innbyggarane. Dette betyr også at helse- og omsorgsetaten er ein sentral aktør i overordna planarbeid.

## *Slik jobbar helse- og omsorgstenestene for å skape …*

| | MÅL | TILTAK | INDIKATOR |
|---|---|---|---|
| … DEN SMARTE STADEN (N) | Vi lærer og tenkjer nytt | Ta I bruk velferdsteknologiske løysingar | Tal på digitale tilsyn, e-lås, e-rom, digitale tryggleiksalarmar, gps, medisindispensarar |
| | Gode pasientforløp | Tverrfagleg samarbeid | Måle kvalitet på tenesta |
| | Rett kompetanse | Fleire sjukepleiarar og vernepleiarar | Prosentandel med høgskuleutdanning |
| … DEN VARME STADEN (O) | Brukarmedverknad/ gode tenester | Brukarutval og gode møteplassar | Brukarundersøkingar |
| | Alle skal ha tilbod om tilpassa bustad | Ulshaugenområdet vert rehabilitert og utvida (ca 30 bueiningar) grunna oppgåver som vert lagt til kommunen og auke i tal på eldre | Sette i gang planarbeid |
| | Leve til eg døyr/ mat og måltid/ aktivitet | Fokus på ernæring | Tal på brukarar med ernæringsplan |
| | | Kvardagsrehabilitering | Tal på brukarar som får kvardagsrehabilitering |
| | | Tenke førebygging i alt vi gjer | Tal på heimebesøk for eldre over 80 år |
| | | Kultur for alle | Tal på kulturarrangement |
| … DEN ROMSLEGE STADEN (R) | Venleg samfunn for alle | Samarbeide med lag og organisasjonar/demensvenleg samfunn | Tal på bedrifter som tek nettkurs demensvenleg samfunn |
| | Tidleg innsats for barn og unge | «Trygg start» (helsestasjonsprosjekt) | Tal på born i prosjektet |
| | God integrering | Språk og arbeidspraksis | Tal på personar i arbeidspraksis |
| | | Legge til rette for fleire varig tilrettelagde arbeidsplassar | Tal på tilsette med flyktning/ arbeidsinnvandring |
| … DEN OPNE STADEN (M) | Felles møteplassar på tvers av generasjonar | Universell utforming<br>Aktivitet og kultur for alle «frå vogge til grav»<br>Sambruk og samlokalisering | Fleire samarbeidsavtalar<br>Tal på plassar for demente |
| | | Møteplassar mellom born/unge og eldre | Tal på skular/barnehagar som besøkjer oss |
| ØKONOMI-STYRING | Avvik mot budsjett = 0<br>Arbeidsnærvær over 92 % | | |

## *Økonomiske rammer*

| DRIFTSBUDSJETT | | | | | | HELSE OG OMSORG |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Rekneskap 2017 | Budsjett År 2018 | Budsjett År 2019 | Budsjett År 2020 | Budsjett År 2021 | Budsjett År 2022 |
| Sum utgifter | 244 259 676 | 217 213 702 | 230 272 930 | 231 182 930 | 231 182 930 | 231 182 930 |
| Sum inntekter | -74 548 367 | -52 211 411 | -51 423 167 | -51 833 167 | -51 833 167 | -51 833 167 |
| **HELSE OG OMSORG** | **169 711 309** | **165 002 291** | **178 849 763** | **179 349 763** | **179 349 763** | **179 349 763** |

| AKTIVERTE TILTAK | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| Auka rammer omsorg | 10 000 000 | 10 000 000 | 10 000 000 | 10 000 000 |
| Heving av innslagspunkt ressurskrevjande brukarar | 800 000 | 800 000 | 800 000 | 800 000 |
| Redusert løyving barnevern | -1 233 477 | -1 233 477 | -1 233 477 | -1 233 477 |
| Ny legevaktsavtale | 545 500 | 545 500 | 545 500 | 545 500 |
| Kommunepsykolog frå 2020 | - | 500 000 | 500 000 | 500 000 |
| **SUM HELSE OG OMSORG** | **10 112 023** | **10 612 023** | **10 612 023** | **10 612 023** |



*Foto: Heidi Strand*



KOMMUNALSJEF GRY NORDAL

# *Oppvekst- og kulturetaten*

Etaten tek hand om tenesteområda barnehage, grunnskule, PPT, vaksen-opplæring, flyktningtenesta, norsk for framandspråklege, kultur og idrett. Ulstein kommune er vertskommune for interkommunalt PP-kontor for kommunane Volda, Ørsta, Hareid og Ulstein.

## *Slik jobbar oppvekst og kultur for å skape …*

| | MÅL | TILTAK | INDIKATOR |
|---|---|---|---|
| … DEN SMARTE STADEN (N) | Eit samfunn prega av kreativitet, utdanning, læring, kompetanse og kunnskap | Sikre god kompetanse og kvalitet i tenestene, med særleg fokus på dette i rekrutteringssamanheng | Elevundersøkinga, del om skulemiljø<br>GSI – grunnskulens informasjonssystem<br>Basil – rapporteringssystem barnehage<br>Rapporteringssystem intro/flyktning, antal i arbeid |
| | God samhandling og interaksjon internt og eksternt | Kople menneske og miljø saman, og skape nye forbindelsar og møteplassar som fremjar god samhandling<br>Utstrekt bruk av teknologi | Samarbeidsprosjekt |
| | | Vidareutvikle samarbeid med næringsliv/arbeidsliv | Fornye forpliktande avtalar |
| … DEN VARME STADEN (O) | Eit mangfaldig samfunn der alle kjenner seg inkluderte | Nulltoleranse for mobbing på alle område og i alle aldrar | Skule: elevundersøkinga<br>Samfunn: døme/omtale |
| | God brukarmedverknad i tenestene | Sikre godt oppvekstmiljø<br>Aktivt arbeid med sosial inkludering | Tiltak retta mot formålet: 5 |
| | | Sikre brukarmedverknad i tenestene, legge til rette for gode møteplassar | Brukardeltaking i rådsorgan m.m. |
| … DEN ROMSLEGE STADEN (R) | Rom for alle<br>Eit samfunn der det er lov å gjere feil, – og vi lærer av dei | Skape arenaer der ulikskap vert verdsett og nytta positivt<br>Utstrekt samarbeid med lag/org<br>Legge til rette for nytenking som fører til nyskaping | Omtale av arenaene<br>Tal på samarbeidsprosjekt<br>Tal på nyskapingsprosjekt |
| … DEN OPNE STADEN (M) | Open og mottakeleg for nye initiativ, nye idear, og nye utfordrande planar/tankar | Vere oppdatert på utviklingstrendar utover vårt lokalsamfunn<br>Aktivt driv for endring og utvikling | Deltaking på ulike sentrale informasjonsarenaer |
| ØKONOMI-STYRING | Avvik mot budsjett = 0<br>Arbeidsnærvær over 95 % | | |

# *Økonomiske rammer*

| DRIFTSBUDSJETT | | | | | | OPPVEKST OG KULTUR |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Rekneskap 2017 | Budsjett År 2018 | Budsjett År 2019 | Budsjett År 2020 | Budsjett År 2021 | Budsjett År 2022 |
| Sum utgifter | 322 563 872 | 317 727 056 | 318 763 216 | 313 863 216 | 313 863 216 | 312 813 216 |
| Sum inntekter | -67 236 094 | -56 918 614 | -57 568 614 | -57 668 614 | -67 668 614 | -56 918 614 |
| **OPPVEKST OG KULTUR** | **255 327 779** | **260 808 442** | **261 194 602** | **256 194 602** | **246 194 602** | **255 894 602** |

| AKTIVERTE TILTAK | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| Styrking av introduksjonsprogrammet | 2 000 000 | 2 000 000 | 2 000 000 | - |
| Sosialfagleg kompetanse/miljøarbeidar/sosiallærar | 350 000 | 350 000 | 350 000 | 350 000 |
| Korreksjon barnehagetilskot ifht gjeldande økonomiplan | 1 000 000 | 2 000 000 | 2 000 000 | 2 000 000 |
| Driftskostnadar teknologisatsing grunnskulen | 100 000 | 100 000 | 100 000 | 100 000 |
| Jobbsentral | 500 000 | 300 000 | 300 000 | - |
| Auke i drift Bell ungdomsklubb | 60 000 | 60 000 | 60 000 | 60 000 |
| Korreksjon husleige Ulstein Arena | 2 000 000 | 2 000 000 | 2 000 000 | 2 000 000 |
| Fjerne husleige kultur pga. flytting til Ulstein Arena | -140 000 | -140 000 | -140 000 | -140 000 |
| Redusert husleige kompetansesenteret | -470 000 | -470 000 | -470 000 | -470 000 |
| Redusert tilskot Open barnehage | -500 000 | -500 000 | -500 000 | -500 000 |
| **SUM OPPVEKST OG KULTUR** | **4 900 000** | **5 700 000** | **5 700 000** | **3 400 000** |



*Foto: Marie Flatin*



KOMMUNALSJEF ARNE RUNAR VIK

# *Teknisk etat*

Teknisk etat har ansvar for følgjande:

Plan- og bygningsavdelinga:
plan, byggesak, geodata, miljøvern

Anleggs- og driftsavdelinga:
veg, vatn, avløp, grøntanlegg,
hamn og utbyggingsprosjekt innanfor desse fagfelta.

Hareid og Ulstein brannvesen:
brann- og ulukkesberedskap, brannførebyggande arbeid
inkludert feiing og beredskap mot akutt forureining

Kommunalsjef teknisk:
Sal av kommunale bustad- og industritomter,
Husbanken sine låne- og tilskotsordningar,
kjøp og sal av kommunal grunn.

## *Slik jobbar teknisk etat for å skape …*

| | MÅL | TILTAK | INDIKATOR |
|---|---|---|---|
| … DEN SMARTE STADEN (N) | Effektive og gode planprosessar | Kompetanse, kapasitet og prioritering som gjev oppdaterte planverk | Følgje planstrategien sin framdriftsplan |
| | Ha kartgrunnlag i nasjonal toppklasse | Oppdatere basar<br>Flykartlegging etter Geovekst-plan<br>Følgje teknologisk utvikling og utnytte koplingar | Grad av oppdatering<br>Ajourhald av leidningskart og andre temakart |
| | Fortette i sentrum | Mål og strategi i kommuneplanen<br>Få fram status | Måle tal på innbyggarar i sentrum<br>Framdrift i prosjekt |
| | Drive innovasjon i tenesteproduksjon | Optimalisere arbeidsprosessar basert på digitale løysingar, god logistikk og utnytte synergiar<br>Digitalisere alt som digitaliserast kan<br>Prosjekt digitalt førsteval – teknisk sektor | Digitalt førsteval teknisk sektor og tal på gjennomførte einskildtiltak |
| | Enkel og god kommunikasjon for gåande, syklande og køyrande | Fokus på rasjonell drift<br>Godt vedlikehalde vegnett<br>Utarbeide kommunedelplan for veg (drift/vedlikehald m.m.) | Tal på lm veg nylagd asfalt<br>Løyvingar i økonomiplan |
| | Verne om miljøet | Gjere ladestasjonar for el-bil lettare tilgjengeleg | Tal på ladestasjonar og type |
| | | Miljøfokus og berekraftig utvikling skal ligge til grunn for alle planprosessar og einskildtiltak/prosjekt | Inn i planomtale og i plankart / føresegner og ved gjennomføring av tiltak |
| | | Kommunedelplan avløp skal følgjast opp | Handlingsprogram |
| | | Trygg og god vassforsyning | Ingen hygieniske avvik |
| … DEN VARME STADEN (O) | Universell utforming og folkehelse skal vere i fokus<br>Legge fysisk til rette for attraktive møteplassar i uterommet<br>Ha eit trafikktrygt vegnett | UU og folkehelseperspektivet vert lagt til grunn i all planlegging og ved gjennomføring av tiltak. Følgjer standard for UU.<br>Etablere møteplassar i det offentlege rom, og møblere/utstyre desse så dei vert attraktive | På plass i føresegner og standardar<br>Fysisk utføring i samsvar med UU-rettleiarar<br>Bruk – nøgde brukarar |
| | | I alle plan-, utbyggings- og vegsaker skal tryggleik for alle trafikkantar vere i fokus<br>Følgje opp tiltaka i trafikktryggingsplan | Tal på trafikkuhell/-ulukker årleg på kommunalt vegnett |
| … DEN ROMSLEGE STADEN (R) | Betre digital kompetanse<br>Utvikle ein variert bustadmarknad med tilbod for alle grupper | Prosjektet digitalt førsteval<br>Legge denne målsetjinga til grunn i planarbeidet | Gjennomførte tiltak i prosjektet<br>Auke talet prosentvis del av leil. vs einebustader i kommunen |
| … DEN OPNE STADEN (M) | Brei medverknad i planprosessar | Utvikle nye arenaer for medverknad<br>Nytte CityPlanner og UMS-varsling | Tal på varsla, og tal på innspel/merknader til planar |
| | Ha attraktive møteplassar | Vurdere brukarpanel<br>Oppgraderings- og vedlikehaldsprogram | Økonomisk løyving |
| | Ulstein skal vere ein trygg kommune å bu i | Tiltak mot uønska hendingar skal ha fokus<br>Det skal drivast eit godt førebyggande arbeid t.d. mot brann.<br>Kommunal beredskap (ved krise, mot brann/ulukke m.m.) skal vere god. | Ingen ulukker eller uønska hendingar |
| ØKONOMISTYRING | Avvik mot budsjett = 0<br>Arbeidsnærvær over 98 % | | |

## *Økonomiske rammer*

| DRIFTSBUDSJETT | | | | | | TEKNISK ETAT |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Rekneskap 2017 | Budsjett År 2018 | Budsjett År 2019 | Budsjett År 2020 | Budsjett År 2021 | Budsjett År 2022 |
| Sum utgifter | 68 994 552 | 55 338 442 | 66 035 779 | 64 671 308 | 64 671 308 | 64 671 308 |
| Sum inntekter | -40 676 291 | -38 935 304 | -47 612 541 | -47 442 702 | -47 442 702 | -47 442 702 |
| **TEKNISK ETAT** | **28 318 262** | **16 403 138** | **18 423 238** | **17 228 606** | **17 228 606** | **17 228 606** |

| AKTIVERTE TILTAK | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
| Auka avgift til IUA Sunnmøre | 145 462 | 154 036 | 154 036 | 154 036 |
| Marin naturtypekartlegging | 88 206 | - | - | - |
| Konsulenthjelp til planarbeid | 200 000 | - | - | - |
| **SUM TEKNISK ETAT** | **433 668** | **154 036** | **154 036** | **154 036** |



*Foto: Odd Kåre Wiik*

# *Økonomiske oversikter*

Skjema 1A Driftsbudsjettet

Skjema 1B Driftsbudsjettet Fordelt på etatar

Rammetilskot

Berekning av utgiftsbehov

Skjema 2A Investeringsbudsjettet

Skjema 2B Investeringsbudsjettet

# *Skjema 1A*

## *Driftsbudsjettet*

| SKJEMA 1A | | | | | | DRIFTSBUDSJETTET |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Rekneskap 2017 | Budsjett 2018 | Budsjett 2019 | Budsjett 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 |
| **FRIE DISPONIBLE INNTEKTER** | | | | | | |
| Skatt på inntekt og formue | -249 381 249 | -255 591 500 | -262 200 000 | -262 200 000 | -262 200 000 | -262 200 000 |
| Ordinært rammetilskudd | -201 260 203 | -207 192 000 | -215 446 000 | -215 446 000 | -215 446 000 | -215 446 000 |
| Skatt på eiendom | | -14 000 000 | -15 000 000 | -14 400 000 | -14 400 000 | -14 400 000 |
| Andre direkte eller idirekte skatter | -29 873 | -27 000 | -30 000 | -30 000 | -30 000 | -30 000 |
| Andre generelle statstilskudd | -42 228 140 | -26 602 435 | -28 202 435 | -28 202 435 | -28 202 435 | -30 202 435 |
| Sum frie disponible inntekter | -492 899 465 | -503 412 935 | -520 878 435 | -520 278 435 | -520 278 435 | -522 278 435 |
| **FINANSINNTEKTER/-UTGIFTER** | | | | | | |
| Renteinntekter og utbytte | -6 722 187 | -5 097 000 | -5 337 000 | -5 337 000 | -5 337 000 | -5 337 000 |
| Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter | 9 674 958 | 11 727 362 | 11 966 331 | 12 888 048 | 14 183 929 | 15 346 409 |
| Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler) | 2 757 394 | | | | | |
| Avdrag på lån | 19 400 000 | 21 064 712 | 21 909 062 | 22 646 302 | 22 965 382 | 22 936 382 |
| Netto finansinntekter/-utgifter | 25 110 165 | 27 695 074 | 28 538 393 | 30 197 350 | 31 812 311 | 32 945 791 |
| **AVSETNINGER OG BRUK AV AVSETNINGER** | | | | | | |
| Til dekning av tidligere års regnskapsmessige merforbruk | | | | | | |
| Til ubundne avsetninger | 3 222 202 | 379 315 | 4 518 535 | 13 085 710 | 11 669 749 | 13 036 269 |
| Til bundne avsetninger | 6 425 393 | 2 024 849 | 1 957 233 | 1 957 233 | 1 957 233 | 1 957 233 |
| Bruk av tidligere års regnskapsmessige mindreforbruk | -3 222 202 | | | | | |
| Bruk av ubundne avsetninger | -463 270 | - | - | - | - | - |
| Bruk av bundne avsetninger | -3 358 076 | -793 439 | -988 528 | -988 528 | -988 528 | -988 528 |
| Netto avsetninger | 2 604 047 | 1 610 725 | 5 487 240 | 14 054 415 | 12 638 454 | 14 004 974 |
| **FORDELING** | | | | | | |
| Overført til investeringsrekneskapet | - | | | | | |
| **TIL FORDELING DRIFT** | **-465 185 253** | **-474 107 136** | **-486 852 802** | **-476 026 670** | **-475 827 670** | **-475 327 670** |
| Sum fordelt til drift (fra skjema 1B) | 464 860 167 | 474 107 136 | 486 852 802 | 476 026 670 | 475 827 670 | 475 327 670 |
| **MERFORBRUK/MINDREFORBRUK = 0** | **-325 086** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |

# *Skjema 1B*

## *Driftsbudsjettet fordelt på etatar*

| SKJEMA 1B | | | | | | DRIFTSBUDSJETTET FORDELT PÅ ETATAR |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Rekneskap 2017 | Budsjett 2018 | Budsjett 2019 | Budsjett 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 |
| Sum utgifter | 4 352 510 | 3 872 558 | 4 180 626 | 3 985 626 | 4 185 626 | 3 985 626 |
| Sum inntekter | -260 866 | -176 625 | -134 285 | -134 285 | -134 285 | -134 285 |
| **FOLKEVALDE** | **4 091 644** | **3 695 933** | **4 046 341** | **3 851 341** | **4 051 341** | **3 851 341** |
| Sum utgifter | 39 217 475 | 41 723 360 | 43 027 557 | 37 421 057 | 37 022 057 | 37 022 057 |
| Sum inntekter | -6 908 854 | -3 712 359 | -5 400 480 | -4 730 480 | -4 730 480 | -4 730 480 |
| **SENTRALADM., KYRKJE M.M.** | **32 308 621** | **38 011 001** | **37 627 077** | **32 690 577** | **32 291 577** | **32 291 577** |
| Sum utgifter | 322 563 872 | 317 727 056 | 318 763 216 | 313 863 216 | 313 863 216 | 312 813 216 |
| Sum inntekter | -67 236 094 | -56 918 614 | -57 568 614 | -57 668 614 | -67 668 614 | -56 918 614 |
| **OPPVEKST OG KULTUR** | **255 327 779** | **260 808 442** | **261 194 602** | **256 194 602** | **246 194 602** | **255 894 602** |
| Sum utgifter | 68 994 552 | 55 338 442 | 66 035 779 | 64 671 308 | 64 671 308 | 64 671 308 |
| Sum inntekter | -40 676 291 | -38 935 304 | -47 612 541 | -47 442 702 | -47 442 702 | -47 442 702 |
| **TEKNISK ETAT** | **28 318 262** | **16 403 138** | **18 423 238** | **17 228 606** | **17 228 606** | **17 228 606** |
| Sum utgifter | 244 259 676 | 217 213 702 | 230 272 930 | 231 182 930 | 231 182 930 | 231 182 930 |
| Sum inntekter | -74 548 367 | -52 211 411 | -51 423 167 | -51 833 167 | -51 833 167 | -51 833 167 |
| **HELSE OG OMSORG** | **169 711 309** | **165 002 291** | **178 849 763** | **179 349 763** | **179 349 763** | **179 349 763** |
| Sum utgifter | -2 832 053 | -3 226 063 | -5 002 077 | -5 002 077 | -5 002 077 | -5 002 077 |
| Sum inntekter | -22 065 395 | -6 587 606 | -8 286 142 | -8 286 142 | -8 286 142 | -8 286 142 |
| **FIN. TRANSAKSJONAR** | **-24 897 448** | **-9 813 669** | **-13 288 219** | **-13 288 219** | **-13 288 219** | **-13 288 219** |
| **SUM FORDELT TIL DRIFT** | **464 860 167** | **474 107 136** | **486 852 802** | **476 026 670** | **465 827 670** | **475 327 670** |

# Rammetilskot

## FRIE INNTEKTER, FINANSPOSTAR M.M.

Inndelinga av kommentarane her fylgjer oppdelinga i budsjettet. Budsjettet er utarbeidd i faste prisar. Der ligg ingen korreksjon for prisauke eller lønsauke på utgiftssida utover at lønsvekst for 2018 er lagt inn med heilårsverknad for 2019. Det er heller ikkje lagt inn kompensasjon for prisstigning på inntektssida.

## RAMMETILSKOT OG SKATT

Grunnlaget for utrekning av rammetilskotet er innbyggartalet pr. 1. juli 2018. For budsjettåret 2019 vil det være folketalet pr. 1.1.2019 som gjelder for utrekning av gjennomsnittleg skatteinntekt pr. innbyggar og dermed også for inntektsutjamninga.

Med omsyn til skatteanslaget for økonomiplanperioden er det lagt til grunn ein moderat vekst på 2 % i skatt pr. innbyggar i høve 2018, samt eit folketal på 8600. Viss ein tek utgangspunkt i regjeringa sitt anslag på skatteinntekter, svarar dette til om lag 102 % av landssnittet. Skatteinntektene i 2016, 2017 og 2018 målt pr. innbyggar ligger klart under tidlegare år ,som figuren under viser:




Ein kommune på Ulstein si storleik vil tape om lag 1 mill. kr. for kvart prosentpoeng ein sakkar akterut i høve landssnittet. Sjølv om det er nokre teikn på aukande optimisme og aktivitet i det lokale næringslivet, finn vi det fornuftig å legge eit konservativt skatteanslag til grunn. Det ligg i statsbudsjettet at kommunens del av inntektsskatten vert redusert med 0,25 prosentpoeng frå 11,8 % til 11,55 %. Dette svarar til ein reduksjon på 2,11 %.

I høve til økonomiplanen for 2018-2021 er det ein samla auke i skatt og rammetilskot på 13,53 mill.kr. I gjeldande økonomiplan låg det allereie inne ein forventa auke i skatteinntektene på 1,726 mill. kr. frå og med 2019, mens rammetilskotet for 2019-21 var redusert med 394 000 grunna forventa bortfall av veksttilskotet.

I denne økonomiplanperioden er rammetilskotet lagt inn med likt beløp for alle åra. Dette gjer at kompensasjonen for å vere «ufrivillig liten» ligg inne i alle år med 2,132 mill. kr. Dei endelege rammene for rammetilskotet er ikkje avklart før budsjettvedtaket er gjort før jul i Stortinget.

Eigedomsskatt vart innført i Ulstein kommune i 2018. Dette er vidareført i økonomiplanen, men det er teke høgde for at regjeringa foreslår at ein ved berekninga av eigedomsskattegrunnlaget aukar reduksjonsfaktoren frå 20 til 30 % av marknadsverdien frå og med 2020.

## INNBYGGARTILSKOT

Tilskot pr innbyggar før utgiftsutjamning er 24 710 kr. i 2019. Innbyggartalet som er lagt til grunn er talet pr 1.7.2018 (8 574). For meir informasjon sjå: https://frieinntekter.regjeringen.no/frie-inntekter-2019/more-og-romsdal/ulstein/. Merk at i rammetilskotet som er oppgitt på denne sida er kompensasjonen for at kommunen er «ufrivillig liten» ikkje teken med.

## UTGIFTSUTJAMNING (JUSTERING UT FRÅ KOR KOSTNADSKREVJANDE DRIFTA AV KOMMUNEN ER)

Denne delen av rammetilskotet vert rekna ut frå variablar som mellom anna går på alderssamansetning, nokre sosiale kriterium, talet på psykisk utviklingshemma, reisetid til sentrum m.m. Ulstein kommune si del i det enkelte kriteriet vert vekta opp mot landssnittet. Ligg vi over snittet vert vi kompensert, ligg vi under snittet vert vi trekt. I 2019 ligg kostnadsindeksen på 0,991, mens den låg på 1,00262 for 2018. Dette gjer at vi går frå ein kompensasjon på 1,116 mill.kr i 2018, til eit trekk på 4,047 mill.kr. i 2019. Det som dreg opp for Ulstein i 2019 er aldersgruppene frå 2 til 22 år (spesielt aldersgruppa 6-15 år), samt kriteria Innvandrar 6 til 15 år/PU over 16 år/Opphopningsindeks. På dei andre kriteria ligg vi under snittet og samla sett ligg vi litt under snittet med omsyn til utgiftsbehov.

# *Berekning av utgiftsbehov*

| BEREKNING AV UTGIFTSBEHOV - TILLEGG/TREKK I KRONER FOR ÅR 2018 (UTGIFTSUTJAMNANDE TILSKOT) | HEILE LANDET | | ULSTEIN | | | BRUK AV FOLKETALL 1.7.2017 | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | Tillegg/fradrag i utgiftsutj | |
| | Vekt | Tal på | Tal på | Utgifts-behovsindeks | Pst. utslag | kr. pr. innb. | 1000 kr |
| 0-1 år | 0,0055 | 114 436 | 179 | 0,9692 | -0,02 % | -9 | -76 |
| 2-5 år | 0,1401 | 245 126 | 396 | 1,0010 | 0,01 % | 7 | 61 |
| 6-15 år | 0,2628 | 639 819 | 1 162 | 1,1253 | 3,29 % | 1 722 | 14 761 |
| 16-22 år | 0,0229 | 461 318 | 818 | 1,0987 | 0,23 % | 118 | 1 013 |
| 23-66 år | 0,1031 | 3 054 570 | 4 847 | 0,9832 | -0,17 % | -91 | -777 |
| 67-79 år | 0,0553 | 572 790 | 837 | 0,9054 | -0,52 % | -273 | -2 345 |
| 80-89 år | 0,0760 | 179 646 | 267 | 0,9209 | -0,60 % | -314 | -2 695 |
| over 90 år | 0,0383 | 44 803 | 68 | 0,9404 | -0,23 % | -119 | -1 023 |
| Basistillegg | 0,0188 | 325 | 0,5695 | 1,0859 | 0,16 % | 84 | 724 |
| Sone | 0,0101 | 20 463 927 | 22 991 | 0,6961 | -0,31 % | -160 | -1 376 |
| Nabo | 0,0101 | 9 424 649 | 14 278 | 0,9387 | -0,06 % | -32 | -278 |
| Landbrukskriterium | 0,0020 | 1 | 0,0009 | 0,5652 | -0,09 % | -45 | -390 |
| Innvandrere 6-15 år ekskl Skandinavia | 0,0071 | 51 039 | 106 | 1,2868 | 0,20 % | 106 | 913 |
| Norskfødte med innv foreld 6-15 år ekskl Skand | | | | | | | |
| Flyktninger uten integreringstilskudd | 0,0084 | 150 287 | 162 | 0,6679 | -0,28 % | -146 | -1 251 |
| Dødlighet | 0,0452 | 40 765 | 54 | 0,8208 | -0,81 % | -424 | -3 632 |
| Barn 0-15 med enslige forsørgere | 0,0181 | 119 602 | 168 | 0,8703 | -0,23 % | -123 | -1 052 |
| Lavinntekt | 0,0113 | 263 451 | 349 | 0,8208 | -0,20 % | -106 | -908 |
| Uføre 18-49 år | 0,0065 | 99 701 | 119 | 0,7395 | -0,17 % | -89 | -759 |
| Opphopningsindeks | 0,0095 | 190 | 0,3800 | 1,2362 | 0,22 % | 117 | 1 006 |
| Urbanitetskriterium | | | | | | | |
| Aleneboende 30 - 66 år | 0,0194 | 455 399 | 580 | 0,7891 | -0,41 % | -214 | -1 834 |
| PU over 16 år | 0,0484 | 19 858 | 38 | 1,1857 | 0,90 % | 470 | 4 029 |
| Ikke-gifte 67 år og over | 0,0452 | 350 364 | 442 | 0,7817 | -0,99 % | -516 | -4 424 |
| Barn 1 år uten kontantstøtte | 0,0171 | 39 069 | 38 | 0,5968 | -0,69 % | -360 | -3 091 |
| Innbyggere med høyere utdanning | 0,0188 | 1 355 932 | 2 021 | 0,9235 | -0,14 % | -75 | -645 |
| **1 KOSTNADSINDEKS** | **1,0000** | | | **0,99097** | **-0,90 %** | **-472** | **-4 047** |
| **(TILLEGG/TREKK KR PR INNB.)** | | | | | | | |
| | | | | | | Alle tal i 1000 kr | |
| 2 Tillegg/trekk (omfordeling) for kommunen i 1000 kr | | | | | | **-4 047** | |
| 3 Nto.virkn. statl/priv. skoler | | | | | | 388 | |
| **4 Sum utgiftsutj. mm (2+3)** | | | | | | **-3 659** | |
| Gjennomsnittleg berekna utgiftsbehov i kr pr innbyggar: | | | | | | 52 287 | |

## INNTEKTSGARANTIORDNINGA (INGAR)

Inntektsgarantiordninga skal sikre enkeltkommunar mot brå nedgang i rammetilskotet frå eitt år til eitt anna. Den sikrar at ingen kommunar får ein vekst i rammetilskotet pr. innbyggar som er mindre enn 400 kroner under veksten på landsbasis. På landsbasis var veksten i rammetilskot pr. innbyggar frå 2018 til 2019 1 115 kr., mens Ulstein i utgangspunktet berre fekk ein vekst pr. innbyggar på 607 kr. Ulstein får difor tilført 471 000 kr. gjennom INGAR i 2019.

## SKJØNNSTILSKOT

Skjønnstilskotet vert brukt til å kompensere kommunar for spesielle lokale forhold som ikkje vert fanga opp i den ordinære delen av inntektssystemet. For 2019 vert Ulstein tildelt 3,05 mill.kr. basert på følgjande forhold:

- 100 000 kr. for å sikre god opplæring av nye folkevalde
- 50 000 kr. for rolla som regionkontakt for skule og barnehage
- 2 900 000 kr. for særleg høge utgifter til ressurskrevjande tenestemottakarar

## INNTEKTSUTJAMNING

Det skjer ei inntektsutjamning gjennom rammetilskotet der kommunar som ligg under landsgjennomsnittet i skatt pr. innbyggar vert kompensert opp mot landssnittet.

Kommunar med inntekt over landssnittet vert trekt 60 % av meirinntekta. I tillegg får alle kommunane eit trekk for å finansiere ordninga med ekstra 35% kompensasjon opp til 90% av landssnittet, sjå under.




## AVKASTNING OG AKSJEUTBYTTE

Det er lagt inn lagt inn ei forventa avkastning på plassering av langsiktig og kortsiktig likviditet på 4,8 mill. kr. Kortsiktig likviditet vert plassert i bank hjå hovudbanken (for tida Danske bank), mens langsiktige midlar er til aktiv forvaltning hos Sydvestor. Utbytte frå Tussa Kraft AS er budsjettert med 1,1 mill. kr.

I økonomiplanperioden er leigekostnad for infrastruktur på fjernvarme frå Ulstein fjernvarme AS lagt inn med 0,6 mill. kr pr. år. I samsvar med avtalen med Ulstein fjernvarme AS er det ei opptrapping av betalt andel av leigekostnaden i takt med den økonomiske utviklinga i selskapet.

## LÅNEGJELD, RENTER OG AVDRAGSUTGIFTER

Ulstein kommune si lånegjeld ved utgangen av september 2018 er på 591,9 mill. kr. Samla lånegjeld for konsernet er på 1 532,4 mill. kr. Målt pr. innbyggar eller opp mot kommunen si inntekt er dette svært høgt. Sjå elles grafen under for utviklinga i netto lånegjeld (langsiktig lånegjeld minus lån til vidare utlån og unytta lånemidlar) for perioden 2010-2017:




I perioden frå 2011-2017 har netto rente- og avdragsbelastning for konsernet auka frå 28,859 mill.kr. i 2011 til 65,082 mill.kr. i 2017. Målt i prosent av brutto driftsinntekter for konsernet har rente- og avdragsbelastninga auka frå 5,95 % i 2011 til 9,21 % i 2017.

I økonomiplanperioden er det budsjettert med låneopptak på kr 109,217 mill. kr. Av dette er 24 mill.kr. knytt til lån til vidare utlån og 15,7 mill.kr. til investeringar i sjølvkostområdet.

## RENTER

Vekta gjennomsnittsrente for Ulstein kommune er pr. september 2018 1,536 %. Kommunen har langsiktig rentesikring (utover eit år) på 36,9 % av gjelda pr. september 2018. Vekta rentebindingstid er 2,72 år. For eigedomsselskapet er vekta gjennomsnittsrente 1,793 %, mens 62,14 % av låna har bindingstid utover eit år og vekta bindingstid er 4,52 år.

## AVDRAG

Ulstein kommune betaler avdrag etter minsteavdragsprinsippet. Minsteavdraget vert rekna ut etter prosentvis avskriving i høve til bokført verdi og ganga opp med netto lånegjeld. Minsteavdraget for 2019 er budsjettert til 21,9 mill. i kommunen.

Avdrag for UEKF vert budsjettert i selskapet sitt budsjett. For 2019 er det budsjettert med om lag 28 mill.kr. i minsteavdrag.

Minsteavdrag i 2019 er rekna ut frå balanseverdiar i pr. 1.1 2019. Det er difor eit visst etterslep før investeringar slår ut med full verknad i minsteavdraget.

## EKSPONERING GJELD OG RENTERISIKO

Ulstein har Noregs høgaste nettolånegjeld målt i prosent av brutto driftsinntekter med 199,8%. På dei neste plassane fylgjer Stranda med 174,2% og Sørum med 163,0%. Snittet for Møre og Romsdal er på 103,1%, mens den for landet er på 78,9%.

Ei slik høg eksponering stiller krav til rentesikring. Det vart gjennomført ein omfattande rentesikring i eigedomsselskapet og kommunen for nokre år sida, og ein er godt rentesikra ut økonomiplanperioden. Det er likevel behov for ein ny gjennomgang og rentesikring frå 2023 og utover. Rentesikring vil auke rentekostnaden, men avgrense kostnaden ved ei rentestigning.  Høg gjeld gir og utfordringar med at ein stor del av driftsinntektene går til renter og avdrag.  Dette stiller høge krav til kostnadseffektiv drift i kommunen.

I tillegg til å vurdere ytterlegare rentesikring må kommunen snu gjeldsutviklinga og starte på nedbetaling av gjeld. Dette vert svært utfordrande fordi utvikling i ny teknologi krev investeringar og fordi vekst i befolkninga og vil presse investeringsbudsjettet.

## ØKONOMISKE STYRINGSINDIKATORAR

Kommunestyret vedtok i mars 2018 fylgjande styringsindikatorar ved budsjettering for å kunne betre dei finansielle nøkkeltala/få ned lånegjelda:

- Netto driftsresultat skal minimum vere 1,75% av driftsinntektene etter anbefaling frå TBU
- Driftsfondet skal byggast opp til 7,5% av brutto driftsinntekt, det vil si om lag 53 mill.kr.
- Minimum 20% eigenkapital for lånefinansierte investeringar kor driftsinntektene ikkje dekker driftskostnadar og renter/avdrag frå første fulle driftsår
- Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal vere på snittet i Møre og Romsdal innan 15 år

Desse styringsindikatorane gir klare føringar for drifts- og investeringsnivå, og det framlagte budsjettet må sjåast i lys av dette.

## PRISVEKST OG LØNNSVEKST

Det er ikkje tilført midlar til kompensasjon for prisauke i økonomiplanen. Det ligg dermed ein reell reduksjon i driftsrammene for den enkelte eining på dette området i den grad dei ikkje kan kompensere for prisauken med auka inntekt. For lønsauke er det gitt kompensasjon for heilårsverknaden av lønsauke frå 2018 inn i 2019-budsjettet.

## PENSJON

Pensjonskostnaden for 2019 er budsjettert til 30,8  mill. kr. I tillegg er det sett av  5,3 mill. kr til kostnadsføring (amortisering) av tidlegare års premieavvik. Premieavviket er skilnaden mellom det beløpet kommunen må betale til KLP/SPK og den pensjonskostnaden kommunen skal registrere i rekneskapen. Premieavviket er dermed betalt, slik at det belastar likviditeten, men ikkje ført som kostnad i kommunerekneskapen.

Ved utgangen av 2017 var det samla premieavviket 23,142 mill. kr. I 2018 vil tidlegare års premieavvik bli kostnadsført med om lag 4,5 mill.kr.

## TILLEGGSLØYVING

Avsetting til tilleggsløyving er kr 850 000  for 2019. Det er Formannskapet  som disponerer denne posten. I tillegg er det sett av kr 50 000 til tildeling til lag og organisasjonar etter søknad. Vedtak om fordeling er lagt til Levekårsutvalet.

## DRIFTSFOND OG KAPITALFOND

Kapitalfondet er på 46,1 mill. kr ved starten av 2018. Det er budsjettert med bruk av 23,8 mill. kr frå kapitalfondet til investeringar i økonomiplanperioden, jamfør kravet om minimum 20% eigenkapital. 20,65 mill.kr. av dette gjeld utbygginga på Skeide.

Driftsfondet er den 1.1. 2018 på vel 36 mill. kr. inkludert avsetning av overskot for 2017. I økonomiplanperioden er det budsjettert med avsetning på 42,3 mill.kr. Med den høge gjelda Ulstein kommune har bør kommunen bygge opp eit større driftsfond enn andre kommunar for å sikre seg mot endringar i rentenivået.

## LIKVIDITET

I takt med reduserte investeringar vil unytta lånemidlar i kommunen som konsern verte redusert. Det betyr at likviditeten vert stramma inn. Der er budsjettert med auka avsetningar til fond i perioden, men der er og budsjettert med auka bruk av  midlar frå kapitalfondet til utbygging på Skeide. Det er behov for å følgje utvikinga i likviditet tett, og det kan føre til at vi endrar finansiering for feltet i økonomiplanperioden.

# Skjema 2A

## Investeringsbudsjettet

| SKJEMA 2A | | | | | | INVESTERINGSBUDSJETTET |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Rekneskap 2017 | Budsjett 2018 | Budsjett 2019 | Budsjett 2020 | Budsjett 2021 | Budsjett 2022 |
| **FINANSIERINGSBEHOV** | | | | | | |
| Investeringar i anleggsmidlar | 39 747 416 | 50 988 811 | 41 260 750 | 21 519 900 | 44 180 800 | 32 000 000 |
| Utlån og forskotering | 15 273 022 | 6 000 000 | 6 000 000 | 6 000 000 | 6 000 000 | 6 000 000 |
| Avdrag på lån | 4 713 214 | | | | | |
| Avsetningar | 3 261 239 | | 5 000 000 | 5 000 000 | | |
| Årets finansieringsbehov | 62 994 891 | 56 988 811 | 52 260 750 | 32 519 900 | 50 180 800 | 38 000 000 |
| **FINANSIERING** | | | | | | |
| Bruk av lånemidlar | -42 018 971 | -40 555 661 | -31 556 500 | -9 569 900 | -36 610 800 | -31 480 000 |
| Inntekt fra sal av anleggsmidlar | -184 942 | | -5 000 000 | -6 150 000 | -5 000 000 | - |
| Tilskot til investeringar | -2 666 490 | -150 000 | - | - | - | - |
| Mottekne avdrag på utlån og refusjonar | -7 210 761 | -6 283 150 | -4 991 250 | -3 950 000 | -8 450 000 | -6 400 000 |
| Andre inntekter | - | | | | | |
| Sum ekstern finansiering | -52 081 164 | -46 988 811 | -41 547 750 | -19 669 900 | -50 060 800 | -37 880 000 |
| Overført frå driftsrekneskapen | - | | | | | |
| Bruk av avsetningar | -10 913 728 | -10 000 000 | -10 713 000 | -12 850 000 | -120 000 | -120 000 |
| **SUM FINANSIERING** | **-62 994 891** | **-56 988 811** | **-52 260 750** | **-32 519 900** | **-50 180 800** | **-38 000 000** |
| **IKKJE DEKT/UDISPONERT = 0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** | **0** |



*Foto: Per Eide*

# *Skjema 2B*

## *Investeringsbudsjettet*

| SKJEMA 2B (1/2) | | | | INVESTERINGSBUDSJETTET |
|---|---|---|---|---|
| **TILTAK** | **ÅR 2019** | **ÅR 2020** | **ÅR 2021** | **ÅR 2022** |
| Nybygg/nyanlegg/rehabilitering | 5 000 000 | 0 | 0 | 0 |
| Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon | 1 250 000 | 0 | 0 | 0 |
| Momskomp. investering | -1 250 000 | 0 | 0 | 0 |
| Refusjon fra andre (private) | -2 500 000 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av lån | -2 500 000 | 0 | 0 | 0 |
| **PARK/UTEOMRÅDE BJØRNDALSVEGEN 2** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| Nybygg/nyanlegg/rehabilitering | 2 500 000 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av lån | -2 000 000 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av ubunde investeringsfond | -500 000 | 0 | 0 | 0 |
| **SJØSIDA TRINN II** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| Kjøp av aksjer og andelar | 1 500 000 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av ubunde investeringsfond | -1 500 000 | 0 | 0 | 0 |
| **FINANSIERING AV EIGENKAPITALTILSKOT KLP 2019** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| EDB-utstyr | 804 500 | 1 769 900 | 1 930 800 | 0 |
| Bruk av lån | -804 500 | -1 769 900 | -1 930 800 | 0 |
| **FELLESPROSJEKT DIGITALISERING SSIKT** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| EDB-utstyr | 1 765 000 | 0 | 0 | 0 |
| Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon | 441 250 | 0 | 0 | 0 |
| Momskomp. investering | -441 250 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av lån | -1 412 000 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av ubunde investeringsfond | -353 000 | 0 | 0 | 0 |
| **SSIKT - INVESTERINGSBUDSJETT 2019** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| EDB-utstyr | 150 000 | 0 | 0 | 0 |
| Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon | 37 500 | 0 | 0 | 0 |
| Momskomp. investering | -37 500 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av lån | -150 000 | 0 | 0 | 0 |
| **UTBYGGING AV NETTVERK** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| Nybygg/nyanlegg/rehabilitering | 100 000 | 0 | 0 | 0 |
| Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon | 25 000 | 0 | 0 | 0 |
| Momskomp. investering | -25 000 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av lån | -100 000 | 0 | 0 | 0 |
| **OPPGRADERING AV LEIKEOMRÅDE SKULAR** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| Nybygg/nyanlegg/rehabilitering | 500 000 | 0 | 0 | 0 |
| Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon | 125 000 | 0 | 0 | 0 |
| Momskomp. investering | -125 000 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av lån | -400 000 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av ubunde investeringsfond | -100 000 | 0 | 0 | 0 |
| **SKISSE/FORPROSJEKT KOMMUNAL BARNEHAGE** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| EDB-utstyr | 1 000 000 | 800 000 | 600 000 | 600 000 |
| Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon | 250 000 | 200 000 | 150 000 | 150 000 |
| Momskomp. investering | -250 000 | -200 000 | -150 000 | -150 000 |
| Bruk av lån | -800 000 | -640 000 | -480 000 | -480 000 |
| Bruk av ubunde investeringsfond | -200 000 | -160 000 | -120 000 | -120 000 |
| **IKT-UTSTYR SKULANE** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| Nybygg/nyanlegg/rehabilitering | 10 000 000 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av lån | -10 000 000 | 0 | 0 | 0 |
| **INVESTERING VASSFORSYNING** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| Nybygg/nyanlegg/rehabilitering | 5 700 000 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av lån | -5 700 000 | 0 | 0 | 0 |
| **INVESTERING AVLØP** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| Nybygg/nyanlegg/rehabilitering | 0 | 0 | 0 | 25 000 000 |
| Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon | 0 | 0 | 0 | 6 250 000 |
| Momskomp. investering | 0 | 0 | 0 | -6 250 000 |
| Bruk av lån | 0 | 0 | 0 | -25 000 000 |
| **BRANNSTASJON** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| Kjøp av transportmidler | 300 000 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av lån | -300 000 | 0 | 0 | 0 |
| **KJØP AV NYE FEIEBILAR** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| Konsulenttjenester | 150 000 | 0 | 0 | 0 |
| Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon | 37 500 | 0 | 0 | 0 |
| Momskomp. investering | -37 500 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av lån | -150 000 | 0 | 0 | 0 |
| **FLYKARTLEGGING 2019** | **0** | **0** | **0** | **0** |

# *Skjema 2B*

## *Investeringsbudsjettet*

| SKJEMA 2B (2/2) | | | | INVESTERINGSBUDSJETTET |
|---|---|---|---|---|
| **TILTAK** | **ÅR 2019** | **ÅR 2020** | **ÅR 2021** | **ÅR 2022** |
| Nybygg/nyanlegg/rehabilitering | 0 | 13 800 000 | 32 200 000 | 0 |
| Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon | 0 | 3 450 000 | 8 050 000 | 0 |
| Tomtesal | 0 | -1 150 000 | -5 000 000 | 0 |
| Momskomp. investering | 0 | -3 450 000 | -8 050 000 | 0 |
| Bruk av lån | 0 | 0 | -27 200 000 | 0 |
| Bruk av ubunde investeringsfond | 0 | -12 650 000 | 0 | 0 |
| **SKEIDE - VEG OG TEKNISKE ANLEGG FOR BUSTADOMRÅDE** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| Avsetjingar til ubundne investeringsfond | 5 000 000 | 5 000 000 | 0 | 0 |
| Tomtesal | -5 000 000 | -5 000 000 | 0 | 0 |
| **TILRETTELEGGING FOR TOMTEUTBYGGING SKEIDE** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| Grunnkjøp mm | 8 000 000 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av ubunde investeringsfond | -8 000 000 | 0 | 0 | 0 |
| **AUKA RAMME GRUNNKJØP SKEIDE** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| EDB-utstyr | 1 000 000 | 1 000 000 | 1 000 000 | 0 |
| Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon | 250 000 | 250 000 | 250 000 | 0 |
| Momskomp. investering | -250 000 | -250 000 | -250 000 | 0 |
| Bruk av lån | -1 000 000 | -1 000 000 | -1 000 000 | 0 |
| **VELFERDSTEKNOLOGI 2018/19/20/21** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| Inventar | 300 000 | 200 000 | 0 | 0 |
| Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon | 75 000 | 50 000 | 0 | 0 |
| Momskomp. investering | -75 000 | -50 000 | 0 | 0 |
| Bruk av lån | -240 000 | -160 000 | 0 | 0 |
| Bruk av ubunde investeringsfond | -60 000 | -40 000 | 0 | 0 |
| **INVESTERING TIL UTSTYR SJUKEHEIM** | **0** | **0** | **0** | **0** |
| Utlån | 6 000 000 | 6 000 000 | 6 000 000 | 6 000 000 |
| Bruk av lån | -6 000 000 | -6 000 000 | -6 000 000 | -6 000 000 |
| **STARTLÅN** | **0** | **0** | **0** | **0** |




*Foto: Per Eide*

# *Avdelingsvise oversikter*

Økonomiavdelinga
Personalavdelinga
Servicetorg og dokumentsenter
Demokrati og kommunikasjon
Omsorg – Sone 1
Omsorg – Sone 2
Omsorg – Sone 3
Omsorg – Sone 4
Helsestasjonstenesta
Legetenesta
Nav
Haddal skule
Hasund skule
Ulstein skule
Ulsteinvik barneskule
Ulstein ungdomsskule
Sundgotmarka barnehage
PPT
Ulstein kulturskule
Inkludering og mangfald
Kulturavdelinga
Plan- og bygningsavdelinga
Anleggs- og driftsavdelinga
Hareid og Ulstein brannvesen

# ORGANISASJONSKART ULSTEIN KOMMUNE

## RÅDMANN, ASS. RÅDMANN, KOMMUNALSJEFAR



**Rådmann**
Einar Vik Arset



**Ass. rådmann**
Verner Larsen



**Helse- og omsorgsetaten**
Kommunalsjef Marit Botnen



**Oppvekst- og kulturetaten**
Kommunalsjef Gry Nordal



**Teknisk etat**
Kommunalsjef Arne Runar Vik

## STAB



**Økonomiavdelinga**
Steinar Nummedal



**Personalavdelinga**
Kari Riise



**Servicetorg og dokumentsenter**
Eli Marte Dalhaug



**Demokrati og kommunikasjon**
Svein Arne Orvik

## HELSE- OG OMSORGSETATEN



**Sone 1 heimetenester**
*Leiar*
Heidi Strand



**Sone 2 heimetenester**
*Leiar*
Gunn Hofset



**Sone 3 institusjon/heimetenester**
*Leiar*
Gunn Sætre



**Sone 4 institusjon**
*Leiar*
Gunn Helen Hauge Muren



**Helsestasjonstenesta**
*Leiar*
Kristin Meli



**Legetenesta**
*Leiar*
Norunn Kirkebø Elde



**Nav**
*Leiar*
Anders Hammer

## OPPVEKST- OG KULTURETATEN



**Haddal skule**
*Leiar*
Vibeke Vigestad Berge



**Hasund skule**
*Leiar*
Marianne Ulstein Johnston



**Ulstein skule**
*Leiar*
Berit Brunvold



**Ulsteinvik barneskule**
*Leiar*
Vegard Gurskevik



**Ulstein ungdomsskule**
*Leiar*
Leon Romestrand



**Sundgotmarka barnehage**
*Leiar*
Nora Wingsternes



**Pedagogisk-psykologisk teneste**
*Leiar*
Ingrid Evebø Haug



**Ulstein kulturskule**
*Leiar*
Astrid Dagestad



**Inkludering og mangfald**
*Leiar*
Lars Erling Bjåstad Hovlid



**Kulturavdelinga**
*Leiar*
Leif Ringstad

## TEKNISK ETAT



**Plan- og bygningsavdelinga**
*Leiar*
Anita Sundnes



**Anleggs- og driftsavdelinga**
*Leiar*
Odd Kåre Wiik



**Hareid og Ulstein brannvesen**
*Leiar*
Olav Helt Brubakk

*Dette gjer vi for å nå måla:*

- Held oss oppdaterte på ny teknologi og fagsystem
- Syter for å vere serviceinnstilte og imøtekommande mot kundar og brukarar av våre tenester
- Sikre berekraftig økonomi gjennom god finans- og økonomiforvaltning
- Gjennom samarbeid med leiarane i organisasjonen syte for kvalitet i arbeidet med målstyring og rapportering



# Økonomiavdelinga

**LEIAR: STEINAR NUMMEDAL**

Økonomiavdelinga har fagansvar for rekneskap, økonomistyring, innkrevjing og fakturamottak. Frå 2019 vil det vere felles skatteoppkrevjar for Herøy, Vanylven og Ulstein med Herøy som vertskommune. Som stabseining har vi eit ansvar ut i avdelingane med oppfølging innan økonomistyring og finansforvaltning. I tillegg har vi ansvar for rekneskap og budsjettoppfølging for Ulstein eigedomsselskap og Ulstein sokn.

**ÅRSVERK: 6**

*Dette gjer vi for å nå måla:*

- Held oss oppdaterte og sikrar god kompetanse på lover, regelverk, bruk av digitale verktøy og formidlar dette vidare ut i organisasjonen
- Sikrar god og rett samhandling med tillitsvalde og verneombod
- I samspel med AMU, NAV og bedriftshelsetenesta, utarbeider vi rutinar, mål og tiltak for å førebygge og redusere sjukefråvær og skader i heile organisasjonen.



# Personalavdelinga

**LEIAR: KARI RIISE**

Personalavdelinga har fagansvar for personalarbeid og lønn. Som stabseining har vi ansvar for oppfølging innan internkontroll, avviksrapportering, sjukefråvær og HMS. I tillegg utøver vi personalforvaltning for Ulstein eigedomsselskap og lønnsarbeid for Ulstein sokn. Personalavdelinga har ei sentral rolle i leiaropplæring og organisasjonsutvikling.

**ÅRSVERK: 4,8**

*Dette gjer vi for å nå måla:*

- Sikre eit godt, første møte med kommunen
- Jobbe for raskare svartid og enklare samhandling ved bruk av nye digitale verktøy
- Kontinuerleg forbetre vår service basert på trendar til nettside og våre besøk i skranken
- Nytte klart språk for å sikre at vår informasjon famnar om alle
- Innføre nytt og framtidsretta sak- og arkivsystem, og bidra til utvikling av felles rutinar og arbeidsprosessar i det interkommunale samarbeidet



# Servicetorg og dokumentsenter

**LEIAR: ELI MARTE DALHAUG**

Avdelinga har ansvar for serviceskranken på rådhuset, postmottak og arkiv, og er første kontaktpunkt for innbyggarar og dei tilsette i kommunen. Vi behandlar mellom anna søknadar om bustønad, TT-kort, HC-kort, ambulerande skjenkeløyve og ID-kort for tilsette. Oppfølging, internkontroll og kompetanseheving i sak/arkivsystem er ei viktig oppgåve for oss, for å sikre god kvalitet på all vår dokumentasjon. Vi har også ei sentral rolle innan personvern.

**ÅRSVERK: 4,75**

*Dette gjer vi for å nå måla:*

- utviklar nettstaden slik at brukarane finn det dei er ute etter og får gjort det dei skal
- nyttar sosiale medium for å engasjere innbyggarane
- prøver ut nye verktøy for innbyggar-dialog og samskaping
- gir dei folkevalde god service
- profilerer arbeidet og satsingane i kommunen
- gjennomfører val på ein tillitvekkande måte



# Demokrati og kommunikasjon

**LEIAR: SVEIN ARNE ORVIK**

Avdelinga legg til rette for dei lokaldemokratiske prosessane, utviklar innbyggardialogen og leier kommunikasjonsarbeidet i samspel med heile organisasjonen. Vi driv strategisk og operativt kommunikasjonsarbeid. Vi er sekretariat for dei folkevalde. Vi redigerer nettstaden til kommunen, sosiale medium og publikasjonar. Vi planlegg og gjennomfører val og koordinerer beredskapsarbeidet.

**ÅRSVERK: 2**



# *Helse og omsorg Sone 1*

**LEIAR: HEIDI STRAND**

Sone 1 femner om heimeteneste, psykisk helse- og rusteneste, buteneste for menneske med utviklingshemming, ergoterapi, koordinerande eining, brukarstyrt personleg assistanse, omsorgsstønad, støttekontaktordning og avlasting utanfor institusjon.

**ÅRSVERK: 32,96**

## *Dette gjer vi for å nå måla:*

- Ta i bruk fleire velferdsteknologiske løysingar, m.a. digitale tryggleiksalarmar, e-lås og ulike smarte digitale hjelpemiddel i heimane
- Oppfølgingsteam for menneske med nedsett funksjonsevne, tilsette psykolog og implementere tilbodet i kommunen. Halde fram med kvardagsrehabilitering som ein integrert del av tenestene i kommunen.
- God tverrfagleg samhandling og gode pasientforløp – deltaking i nasjonalt program
- Arbeide for betre kontorfasilitetar innan psykisk helse og rus og heimesjukepleia, og meir hensiktsmessig bruk av Skollebakken. Arbeide for betre bilordningar for dei tilsette.



# *Helse og omsorg Sone 2*

**LEIAR: GUNN HOFSET**

Sone 2 gir tenester til menneske med utviklingshemming, fysisk funksjonshemming, rus, psykiatritenester og og tenester til eldre. Tenestemottakarane er i alle aldersgrupper. Tenestene blir ytte i omsorgsbustader, dagsenter og avlastningstilbod. Avdelinga er svært framoverlent når det gjeld velferdsteknologi.

**ÅRSVERK: 54,78**

## *Dette gjer vi for å nå måla:*

- Halde fram med å utvide/utvikle teknologiske løysingar i takt med behovet
- Omgjering av stillingsheimlar til sjukepleiar/vernepleiar for å kunne møte endra behov
- Lage trivelege måltid med god ernæring og nydeleg matlukt på husa våra
- Ved fellesmåltid: tilby to varme måltid per dag, middagen blir flytta til seinare på ettermiddagen
- Endre og tilpasse turnusane i forhold til endring av måltid
- Halde fram med å ta godt imot lærlingar, studentar, elevar, språk- og arbeidspraksiskandidatar
- Halde fram med samarbeid og sambruk av lokalitetar og skape felles møteplassar/arenaer

# *Dette gjer vi for å nå måla:*

- Ta i bruk velferdsteknologi; RoomMate
- Auke sjukepleiardekninga
- Tilrettelegge gode møteplassar på Alvehaugen for barn og eldre
- Aktivitetar knytte til musikk og trening for å stimulere, aktivisere og auke livsgleda
- Avdelingane skal ha praksisplassar for minoritetsspråklege som treng språk- og arbeidspraksis.



# *Helse og omsorg Sone 3*

**LEIAR: GUNN SÆTRE**

Sone 3 omfattar dette: HI-fløya – 21 omsorgsbustadar med døgnkontinuerleg omsorgsbehov. G-fløya – korttidsavdeling ved sjukeheimen, nytta til rehabilitering, behandling eller avlastning og fast plass. Ein kommunal akuttdøgnplass. Dagsentertilbodet for eldre på Alvehaugen, ope fem dagar i veka. Ambulerande serviceteneste – middagsombringing, hjelpemiddel og transport av brukarar. Kommunal fysioterapeut – rehabilitering på sjukeheim og i heimen.

**ÅRSVERK: 31,34**

# *Dette gjer vi for å nå måla:*

- Ta i bruk RoomMate
- Samarbeide betre på tvers av profesjonar og avdelingar, nytte rett kompetanse på rett plass
- Tilby daglege aktivitetar, individuell omsorg, gode måltidsopplevingar – fire næringsrike måltid per dag med individuell tilpassing
- Positive til initiativ og tilbakemeldingar frå både kollegaer, frivillige, pårørande og bebuarar
- Vere positive til, og vere gode rollemodellar for elevar, studentar og personar i språk- og arbeidspraksis



# *Helse og omsorg Sone 4*

**LEIAR: GUNN HELEN HAUGE MUREN**

Sone 4 femner om dette: Avdeling E og F – 24 plassar for menneske med demenssjukdom og somatisk sjukdom, forsterka skjerming for inntil tre personar. Nattevaktteam – ansvar for Alvehaugen og heimetenestene. Vaskeriet – vask av alt personaltøy, institusjonstøy, privattøy til pasientar/brukarar. Storkjøkken – trygge måltid til alle for helse, trivsel og hygge.

**ÅRSVERK: 38,24**




*Foto: Svein Arne Orvik*

> *Det var rett og slett sjokkerande vakkert. Eg får heilt gåsehud berre eg tenker på det kvite og det grøne og det skarpe og det blå. Det var så vilt vakkert. Og eg trur at når ein først er så ekstremt privilegert at ein bur på ein så utruleg vakker stad, der ein i tillegg har fått tilrettelagt så utruleg bra for å ha eit supereffektivt, komfortabelt og innovativt liv, så må ein gjere mykje ut av det. Ein får ikkje lov til å vere passiv og berre nyte det. Ein har eit aktivt ansvar for å vidareutvikle denne perla ein har fått lov til å vere i.*

Silvija Seres, matematikar og investor,
på Bylivkonferansen i Ulsteinvik 17.10.2018
– om tankane ho gjorde seg då hå flaug inn til Ørsta–Volda lufthamn

## *Dette gjer vi for å nå måla:*

- Likeverdig helsestasjons-/skulehelsetilbod til alle barn i kommunen
- Tilby utoverretta tenester – nå målgruppene der dei oppheld seg, t.d. på skulane
- Fokus på psykisk helsearbeid blant barn og ungdom, individuelt- og gruppetilbod
- Fokus på å avdekke/førebyggje vald, psykisk sjukdom og rus hos gravide og småbarnsforeldre
- Kome tidleg inn og tilby foreldrestøttande tiltak til dei som har behov for å styrke foreldrefunksjonen
- Opprette tverrfagleg helsestasjon / Trygg start



# *Helsestasjonstenesta*

**LEIAR: KRISTIN MELI**

Helsestasjonen gir tilbod om oppfølging til alle gravide, barn og ungdomar i Ulstein frå fødsel til og med vidaregåande skule. Helsestasjonen gir tilbod om ulike foreldrerettleiingsprogram. Utover dette har vi forsterka helsestasjon; eit tilbod til gravide og småbarnsforeldre som misbrukar rusmiddel. Vi har eige tilbod til asylsøkjarar, flyktningar og helsestasjon for ungdom. Helsestasjonen har fokus på førebyggjande og helsefremjande arbeid.

**ÅRSVERK: 10,98**

## *Dette gjer vi for å nå måla:*

- Utvikle godt tverrfagleg samarbeid i alle delar av helse- og omsorgstenesta
- Arbeide vidare med framtidig organisering av legevakta på Søre Sunnmøre for å få ei best mogleg teneste for innbyggjarane
- Vere ein tydelig medisinskfagleg rådgjevar i saker som påverkar folkehelsa innanfor alle samfunnsområde



# *Legetenesta*

**LEIAR: NORUNN KIRKEBØ ELDE**

Under legetenester ligg ansvaret for fastlegetenesta, legevakta, fysioterapitenesta og veterinærtenesta. I tillegg kjem medisinskfagleg rådgjeving og samfunnsmedisinske tenester innan folkehelsearbeid, miljøretta helsevern, smittevern og helseberedskap.

**ÅRSVERK: 1,17**

## *Dette gjer vi for å nå måla:*

- Tilby tilrettelagde kvalifiseringstiltak til dei som treng det for å kome i arbeid
- Styrke kvaliteten i den arbeidsretta oppfølginga. Etablere team av jobbspesialistar.
- Styrke samarbeidet med næringslivet ytterlegare



# *Nav*

**LEIAR: ANDERS HAMMER**

Det lokale Nav-kontoret har to styringsliner – kommunal og statleg – og leverer tenester knytte til arbeidsretta oppfølging. Kommunale tenester som er obligatoriske i Nav-kontoret er opplysning, råd og rettleiing, herunder økonomisk rådgjeving, økonomisk stønad, mellombels butilbod, individuell plan og kvalifiseringsprogrammet (lågterskeltilbod til personar med nedsett arbeids- og inntektsevne).

**ÅRSVERK:**
**15,5 (STATLEGE) OG**
**5,1 (KOMMUNALE) FOR ULSTEIN OG HAREID**

---

## *Dette gjer vi for å nå måla:*

- Vi har fokus på tydeleg klasseleiing og relasjonsbygging som gir trygt skulemiljø, trivsel og læring.
- Vi nyttar teknologi som verktøy i undervisninga og gir grunnleggande kompetanse i programmering for å auke motivasjon, læring og kreativitet.
- Vi har gode rutinar for heim–skule-samarbeid og legg til rette for open dialog til beste for eleven si utvikling og trivsel.
- Vi deltek på «Kompetanseløft», eit organisasjonsutviklingstiltak frå PPT, der skulen kartlegg og jobbar med aktuelle problemstillingar i organisasjonen.



# *Haddal skule*

**LEIAR: VIBEKE VIGESTAD BERGE**

Haddal skule er nærskulen til born i 1. til 7. klasse i Eiksund, Haddal og Garnes, og gir grunnskuleopplæring i tråd med opplæringslova. Formålet med opplæringa er å utvikle barna sine kunnskapar, dugleikar og haldningar, for at dei skal meistre liva sine og kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Skulen har også SFO-tilbod. Skulen sin visjon er: «Haddal skule har trygge elevar som meistrer og lærer. Elevane tek ansvar, viser respekt og har omsorg for kvarandre».

**ÅRSVERK: 11,5**

## *Dette gjer vi for å nå måla:*

- Vi skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane.
- Vi skal som ein del av teknologiskulen i Ulstein kommune gje elevane grunnleggande kompetanse i programmering, og legge til rette for kreativitet og skapartrong.
- Lærarane skal ta vidareutdanning innanfor IKT slik at dei får auka kompetanse innan digital opplæring.
- Vurdering for læring: utvikle vurderingskultur og vurderingspraksis som har auka læringsutbyte som mål



# *Hasund skule*

**LEIAR: MARIANNE ULSTEIN JOHNSTON**

Hasund skule er ein av fem grunnskular i Ulstein kommune. Skulen ligg i Hasund krins. Skulen har 180 elevar på årsstega 1.–7. klasse. Desse er i skuleåret 2018/2019 organiserte i ni klassar. Skulen har SFO-tilbod med om lag 43 born. Skulen gir tilbod om grunnskuleundervisning i samsvar med opplæringslova. Elevar ved Hasund skule har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring, og Hasund skule skal også ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Skulen er også med i satsinga på teknologiskulen.

**ÅRSVERK: 26,52**

## *Dette gjer vi for å nå måla:*

- Systematisk og kontinuerleg arbeid med læringsmiljø. Aktiv bruk av innsatsteam mot mobbing.
- Teknologiskulesatsing gjennom lærande nettverk for å bygge vidare på utdanninga lærarane har teke ved Høgskulen i Volda
- Ha fokus på godt læringsutbytte, systematisk oppfølging og kartlegging av grunnleggande dugleikar. Intensiv opplæring for elevar på 1.–4. trinn slik at dei oppnår forventa progresjon i lesing, skriving og rekning.
- Medverknadsprosessar for skulen sine tilsette og god involvering av tillitsvalde, gjennom samarbeidsarenaer som plangruppe, medverknadsutval og skulen sine rådsorgan



# *Ulstein skule*

**LEIAR: BERIT BRUNVOLD**

Ulstein skule har elevar frå krinsane Skeide, Ulstein og Flø. Skulen har 92 elevar fordelte på 1.–7. trinn skuleåret 2018/2019. Vi gir tilbod om SFO, og har eit samla barnetal på 26 elevar dette skuleåret. Tenesta vår skal gi eit godt og inkluderande læringsmiljø som bidreg til positiv læring og utvikling for den enkelte eleven i tråd med opplæringslova.

**ÅRSVERK: 14,25**

## *Dette gjer vi for å nå måla:*

- Systematisk og kontinuerleg arbeid med læringsmiljø, relasjonskompetanse og effektiv handsaming av mobbesaker. Vi har innsatsteam mot mobbing.
- Teknologiskulen vert hovudsatsingsområde. Vi samarbeider i lærande nettverk for å bygge vidare på utdanninga lærarane har fått.
- Vi har fokus på godt læringsutbytte og systematisk oppfølging av grunnleggande dugleikar. Vi kartlegg elevane sitt læringsutbytte og følgjer opp elevar med behov. Vi har mål om å verte sertifisert som dysleksivenleg skule.
- Leiinga legg opp til medverknadsprosessar for tilsette og god involvering av tillitsvalde.



# *Ulsteinvik barneskule*

**LEIAR: VEGARD SÆTER GURSKEVIK**

